

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arne Monrad Johnsen, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/3490-1

Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsrapport 2016

**Fylkesrådmannen rår Hovudutvalet for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek årsrapporten frå arbeidet i Regionalt forskingsfond til vitande.

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:

Som saksordførar vert valt ...

Vedlegg:

Årsrapport 2016 RFF Vestlandet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I Kunnskapsdepartementet sine «Retningslinjer for regionale forskingsfond» står det at styra for dei regionale forskingsfonda skal utarbeida ein årsrapport om verksemda. Rapporten skal sendast Kunnskapsdepartementet og vertsfylkeskommunane for fonda.

I fondsregion Vestlandet vert årsrapporten sendt til alle dei tre deltakarfylkeskommunane.